

Informasjon om nytt behov for pleie- og omsorgstenester

Budsjettframlegget til rådmannen er lagt fram på grunnlag av kjend informasjon om ulike faktorar og behov i eitt visst tidsrom. Det er likevel slik at ein del føresetnader kan endre seg i løpet av budsjettprosessen og nye behov for tenester kan oppstå. Heradet er no i ein slik situasjon at det har dukka opp informasjon om nye behov så seint i budsjettprosessen at det ikkje har vore mogleg å innarbeide det i budsjettframlegget.

Rådmannen er gjort kjend med at Helse og omsorg vil få fleire brukarar med omfattande ressursbehov dei komande åra. Fleire av dei har vore i systemet frå før men har den siste tida flytta i eigen bustad, og behovet for hjelp aukar betydeleg. Eit par brukarar har ikkje hatt kommunale pleietenester tidlegare, men har brått fått eit omfattande behov for pleie- og omsorgsbehov heile døgeret. Utgiftene for å dekke det auka ressursbehovet vil liggja på rundt 14 mill.kr, der det er estimert av heradet får refundert 4.8 mill.kr frå staten. Nettoutgiftene vert dermed på ca. 9.2 mill.kr. Rådmannen vil jobbe vidare med å kvalitetssikre talmateriale i form av teneste- og utgiftsbehov, og refusjonar.

At kommunen må handtere ein vekst i pleie- og omsorgstenester til personar under 67 år med omfattande ressursbehov, innafor rammene er ikkje Voss herad aleine om. Dette talar for at moglege løysingar for å innarbeide dette vil truleg innebere at det må gjerast prioriteringar mellom tenester.